

Uskedalselva på fangst-toppen

09.01.2008



Leif Magne Jordal, til dagleg postbud i Fyllingsdalen i Bergen, tok den største laksen i Uskedalselva i fjor. Den vog 10,22 kilo. Storfiskaren uttala til uskedalen.no at tilhøva for lakseproduksjon i elva var framifrå. Det var mykje yngel å sjå og det har mykje med den intene kalkinga å gjera, meinte Jordal.(Foto: Privat)

Av dei største elvane i Kvinnherad var det Uskedalselva som kom på fangst-toppen med god margin etter sesongen i fjor, går det fram av 2007-statistikken frå fylkesmannen som no føreligg.

I "vår" elv vart det fanga 63 tert (smålaks), 30 mellomstore laksar på mellom tre og sju kilo og åtte storlaksar på over sju kilo. Det vart tilsaman 47 fiskar som vog 274 kilo og snittvekta var 2,8 kilo. I tillegg vart det teke 95 sjøaurar med ei samla vekt på 103 kilo og det gjev ei snittvekt på 1,1 kilo.

Til samanlikning var fangsten i Guddalselva to tertar, to mellomstore laksar og fire sjøaurar medan den var ein tert, tre mellomstore laksar, to storlaksar og 15 sjøaurar i Bondhuselva. I Omvikdalselva var fangsten ni tertar, fem mellomstore laksar, ein storlaks og 29 sjøaurar og i Æneselva vart det teke sju tertar, 15 mellomstore laksar, fire storlaksar og 13 sjøaurar.

I Hatteberg- og Melselva vart det fanga 13 tertar, 26 mellomstore laksar, åtte storlaksar og 33 sjøaurar. Her var det freding av villaksen.

Med andre ord låg Hatteberg- og Melselva på andreplassen , men likevel langt etter Uskedalselva.

I alle elvane i fylket vart det i 2007 fanga 7.913 kilo laks, som var litt mindre enn året før. Og nedgangen var klar for tert både med omsyn til mengd og storleik. Dette tilseier at det kan verta lite fangst av mellomlaks i 2008. Også sjøaufangstane var små i fjor. Ein samla fangst på 3.341 kilo var eitt av dei dårlegaste resultatata som er registrert nokon gong, skriv fylkesmannen.

Fangstane har vore monaleg reduserte i dei viktigste oppdrettsområda etter dei verste lakselusåra på nittitalet, men dei siste to åra har det vore nedgang i fangstane i dei fleste elvane i fylket.

Eit sentralt spørsmål er kor mykje av den fanga laksen som er rømt oppdrettsfisk. Fylkesmannen slår fast at det er "ein vesentleg del". Enno føreligg det ikkje eksakte tal for kor mykje rømt laks det er i alle elvane, men det ser ut til å vere litt meir enn i dei tre føregåande åra. Likevel er mengdene langt under det som var vanleg på nittitalet.

I 2007 var fangstane av mellomlaks omtrent som vanleg i dei seinare år. Mellomlaksen er vanlegvis mest tallrik i fangstane men med eitt av dei dårlegaste åra for smålaks på lenge reknar fylkesmannen med lågare fangst totalt i elvane i 2008.

For storlaks var derimot fangstane i 2007 dei beste sidan fangststatistikken vart lagt om i 1993.

Dei siste 15 åra har har lakselus vore den største, unaturlege tapsfaktoren for villaks i Hordaland. Men nedgongen i overleving og vekst av smålaks i havet sist vinter ser ut til å ha andre årsaker, til dømes lite mat i havet. Difor knytter det seg spenning til om tilhøva i havet vil endra seg slik at laksen får ein meir normal vekst og overleving denne vinteren

Av Ola Matti Mathisen